

På denne sida vil me fortelja smått og stort frå der du bur. Kven er leiar i laget ditt etter årsmøtet? Har verksemda di fått ny leiar? Skriv gjerne minneord og omtale til åremålsdagar. Redaksjonell tekst og bilete til denne sida kan sendast til: redaksjon@avisa-hordaland.no, faks 56 53 03 08, tlf. 56 53 03 00, Hordaland, Postboks 38, 5701 Voss.

GRATULASJONSHESLINGAR

Kr 125,-. Hugs foto av god kvalitet og fullt namn på den som vert gratulert. Annonser til denne sida kan sendast til: annonse@avisa-hordaland.no, faks 56 53 03 08, tlf. 56 53 03 00, Hordaland, Postboks 38, 5701 Voss, eller leggjast i postkassane våre på VIMI-bygget eller Svartenakken.

BILETE: Vil du kjøpa bilete som Hordaland har teke, så ta kontakt med sentralbordet, tlf. 56 53 03 00.



ARKIVFOTO: VIDAR HERRE

verksemder hadde svin på skogen.

Også frå min eigen barndom i Arna har eg minne om Ivar B. Han var den blide vossingen som var konduktør på toget på veg til sentrum. Han som alltid hadde tid til å prata med unge nyfikne togreisande. Og som av og til berre lest som om han tok betalt for turen.

► Ørjan Brattetveit
obr@avisa-hordaland.no

Han kjempa for vern og bruk av gamle bygg, og han kjempa mot utfylling og forureining av vassdrag. Og i alt alvoret, hadde han alltid humor på lur.

Vil vita kva som gjev ein meiningsfylt kvardag

Personar som lever med demens, og pårørande til dei med denne sjukdomen, har meininger som kommunen gjerne vil høyra.

► **VAKSDAL**

– Me vil gjerne at desse deler tankane sine, ynskja og erfaringane dei har, for å finna ut kva som er viktig i liva deira. Slik vil me få eit betre grunnlag for å utvikla gode tenester, seier prosjektkoordinator for Lev-vel-prosjektet i Vaksdal kommune, Anita Sævild.

Forskningsprosjekt

For å finna ut dette, er det sett i gang eit forskningsprosjekt, der Oscar Tranvåg, forskar ved Senter for alders- og sjukeheimsmedisin ved Universitetet i Bergen, er ein av dei sentrale.

– Det er ei positiv erfaring for ein forskar å vera spurd og å få vera med å på finna ut dette. Slik sett fortener leiinga i kommunen ros, meiner Tranvåg.

Det å byggja opp ei teneste ut frå kunnskap, og ikkje kva ein trur, er svært viktig, seier han vidare.

– Og på mange vis er det eit nybrotsarbeid som skal gjera. Eg trur ikkje dette har vore gjort før i Noreg, ja kan like er det nytt internasjonalt også, seier Tranvåg, som ser fram til å ta fat på oppgåva.

Kvardagen

– Me ynskjer oss såleis fleire grupper, både av menneske som lever med demens, dei som er pårørande og helsepersonell. Me vil rett og slett gjennom intervju og dialog med desse, prøva å finna ut

kva som skal til for å gje kvardagen både lettare og meir meiningsfylt, understrekar Tranvåg.

Prosjektet er eit samarbeid med forskarar frå Senter for omsorgsforskning vest, Høgskulen på Vestlandet) og Senter for alders- og sjukeheimsmedisin, Universitetet i Bergen.

Undersøkinga heiter MED-VIRK-DEM; som er brukermedverknad i utforminga av kommunale helse- og omsorgstenester til personar med demens og deira pårørande.

Temakveld

Før prosjektet vert starta opp, vil det i slutten av månaden verda invitert til ein open temakveld om demens i Turbinen på Dale. Det er eit møte som kommunen og mellom andre eldrerådet, samarbeider om.

– Her vil det verda gjeven generell informasjon om sjukdomen demens, som eigentleg er eit fellesomgrep for fleire diagnosar innanfor dette feltet, seier Tranvåg.

han vil sjølv vera til stades på møtet, og også ha med seg pårørande som kan fortelje om kvardagen dei har.

Prosjektrapport

Lev-vel-prosjektet, som kviler på Helsehus på Daletunet og ressurssenter for demens ved Vaksdal sjukeheim, er årsaka til det som no er sett i gang.

Heile prosjektet vil enda opp i ein rapport som vil vera grunnlaget for det vidare arbeidet med å gje gode tenester innfor demens-området.

– Rapporten vil også vera publisert i faglege tidsskrift, og vil truleg også kunna vera

grunnlaget for andre som vil skaffa seg liknande kunnskap som Vaksdal kommune etter kvart vil få, seier Tranvåg.

– Og, legg han til, – dette me skal finna ut av no vil sjølv sagt gjelda både for kvinner og menn

Mange med diagnosen

I dag er det rundt 80.000 personar i landet som lever med demens, og talet er rekna å dobla seg innan 2040.

– Om me bryt talet ned til vår kommune med vårt folketal og demografi, så kan me rekna at det er rundt 100 personar som hadde diagnosen, seier Sævild.

Den lengste tida av sjukdomsløpet vil dei ha i eigen heim. – Svara me får frå prosjektet vil såleis danna grunnlaget for heile tilbodet me skal utforma, understrekar Sævild.

Treng kunnskap

Meir pengar kan ein vel ikkje rekna med kjem etter dette prosjektet.

– Nei, det er ingen friske nye midlar knytt til akkurat dette, det er vel heller snakk om å sjå på korleis me brukar pengane og bruka dei smartare og på ein annan måte, seier Sævild.

– Når stemmene til personar med demens og deira pårørande kjem fram og vert lytta til, så vert deira rettmessige plass i manntalet tydelegare – også når pengane skal fordelast i framtida. Det er også ei viktig side av heile prosjektet, understrekar Tranvåg.

► **Jan-Egil Dyvik**

jed@avisa-hordaland.no



KUNNSKAP: Me treng alle eit kunnskapsgunlag for å utforma gode tenester i framtida, meiner prosjektkoordinator for Lev-vel-prosjektet Anita Sævild, frå vernstre Helge Risnes, leiar i eldrerådet, forskar Oscar Tranvåg og Jan Per Styve, medlem i pårørandegruppa i Vaksdal kommune, som alle vert sentrale i prosjektet framover.

■ **Dødsfall**

Vår kjære mor
og svigermor,
snille bestemor

Svanhild Berge

f. Dagestad
14.7.1924

sovna stille inn,
Voss sjukehus/
Voss sjukeheim
8. februar 2018

Alltid var du hjelpsam
og glad.
Me takkar for den kjærleik
du oss gav.

Brynhild - Henning

Brita, Torleif og
Knut Henning

Slekta elles

Etter mors ynskje har gravferda funne stad i det stille.

GRAVSTEINAR
Polert- og naturstein

Velg rett frå
utstillinga i verkstaden.

Tilføyning namn/Oppussing/
Omsliping/Gjenbruk

Per Vinje, Tlf. 90 85 20 99
post@stein-merke.no

STEIN & MERKE**Sorgbinderi**

Fagmessig utført,
etter dine ynskje!

Stort utval i kransar,
bårebukettar, dekorasjoner
og kondolansebukettar.



Blomehjørna Voss
VANGSGT. 23, 5700 VOSS
TLF. 56 51 12 85

**MAT
UTDANNING
HELSE**

Ein menneskerett!
Ring 22 22 22 99
og bli fast gjevar.

KIRKENES NÖDHJELP
Sammen for en rettferdig verden